

Knut Kvam  
Hafslovegen 504, gbnr. 137/40  
6869 Hafslo

25.07.2017

Luster Kommune  
V/ Haakon Stauri Begby  
6868 Gaupne

### Klage på avgjersle i d-sak 328/17

Eg vil med dette få klaga på vedtak om avslag på søknad om bygging av naust på eigedomen min ved Hafslovatnet.

Eg ser jo det at de med lova i hand og alle paragrafar i ryggen trygt kan avslå ein slik søknad, men eg vil appellera til det ein kan kalla «sundt bondevet» og folkemeininga om dette.

Her blir lagt til grunn ein del påstandar som etter mi meining ikkje fins dekning for, som td.

*«Meir konkret for denne saka, er det ikkje tvil om at eit naust her vil påverke verneverdiane negativt; på kort sikt med støy og trafikk i byggeperioden, og i ettertid med auka menneskeleg aktivitet og mogleg øydelagde reir- eller næringslokalteter for fugl.»*

Dette er jo ting som tidlegare har vore diskutert munnleg, men kan no nemna det igjen, sjølve bruken av området kjem IKKJE til å endra seg sjølv om her kjem eit naust. Den aktiviteten som er der er kos og hygge ved vatnet og når ein tek båtane ut for å fiska eller bare for å ta ein tur. Dette er aktivitet som uansett kjem til å vera der nede.

Når det gjeld reirbygging, er det aldri så lenge eg har budd der vore observert noko reir akkurat i dette området, så viss ikkje hensikten er å totalforby oss å bruka det så trur eg neppe det spelar noko rolle om der står eit naust eller ikkje.

Når det gjeld innflyging for fugl til løken like ved, så er høge trær som veks langs løken mykje meir til hinder enn det eit naust vil vera. Dessutan vil den menneskelege aktiviteten bli flytta lenger vekk frå løken då det er der naustet er planlagt vi vanlegvis held oss. Det blir ikkje noko særleg plass igjen til slik aktivitet mellom naust og løken.

Ellers står det noko om at «dette inneber at det blir mindre rom for flora som kan gje mat og ly for dyra som forvaltningsplanen er meint å verna om.» Det stemmer jo ikkje heller, i og med at dette er eit området vi brukar uansett, og det blir slege meir eller mindre som ein plen. Det er jo innmark, og vil bli slege to gonger i løpet av sommaren sjølv om vi skulle slutta å bruka det som hyggeplass ved vatnet.

Eg håpar de kan revurdera Dykkar avgjerd og gje oss dispensasjon til å gjennomføra vår plan om naust, sjølv om De har dekning for avslag i all verdas paragrafar og vedtekter.

Mvh. Knut Kvam

